



# MASFJORDEN KOMMUNE

## Masfjorden folkebibliotek

### Rapport «Rom for møte».

Masfjorden har ikkje teke mot flyktingar sidan slutten av 90-talet. Frå 2015 har Masfjorden fått 4 familiar frå Syria som bur på Matre og 3 familiar som bur på Masfjordnes. Det vart søkt midlar til:

- \* Språkkafé
- \* Transport
- \* Fiskeutstyr, redningsvestar
- \* Symaskiner
- \* Servering

### **Språkkafé**

Store avstandar gjer det vanskeleg å samle alle. Etter møte med samarbeidspartar, Frivilligsentralen og Sandneskaféen, valde vi å fokusere på Masfjordnes og ha språkkaféane der.

Språkkaféen hadde hatt ein «trang fødsel». Våren 2017 fekk vi det ikkje til, m.a. vart det vanskeleg å finne dag. Så prøvde vi igjen i august. Då kom det berre norske. 16. september 2017 var vi endeleg i gong etter å hatt møte med flyktingkonsulenten og lærar frå integreringsprogrammet. Denne gongen kom det 13 frå Syria og like mange norske på Sandneskaféen. Fram til desember 2017 hadde vi kafé om lag annankvar laurdag, nokre gonger på Sandneskaféen og nokre gonger på Sandnes filial. Det har vore godt oppmøte både av norske og frå utlandet. Det har vorte knytt gode kontaktar mellom syrarar og norske. Syrarane seier dei set pris på tiltaket som gjer at dei blir meir kjende med sine norske naboar. I vårhalvåret vart det mindre tid til språkkafé. Syrarane vart opptekne med m.a. symjekurs, sykurs og nokre reiste til Bergen med borna sine på morsmålundervisning.

I samarbeid med vaksenopplæringa lånte vi gymnastikksalen på Sandnes skule og inviterte til syrisk kveld 3.mai. Salen vart heilt full, ca 120 personar kom. Det vart vist videosnuttar frå Syria slik det var der før krigen braut ut. I tillegg vart det servert både syrisk og norsk mat. Dette var eit svært vellukka arrangement.

Det er kjøpt inn ein del spel til bruk på språkkaféen. Elles har noko av midlane gått til servering både på språkkaféen og den syriske kvelden. Det er og bestilt nokre fleire språkspel til språkkafé i haust. Då vil det og gå med eit beløp til servering.

### **Fiskeutstyr**

Våren 2017 fekk ein av lærarane på integreringsprogrammet tak i to båtar som syrarane kan bruka. Ein vart plassert på Matre og ein på Sandnes. Biblioteket har kjøpt to par årar og nokre redningsvestar. Mennene og gutane er stadig på fisketur.

### **Symaskiner**

I oktober 2017 vart det sett i gong sykurs for damene. Dette vart halde på Matre skule og gjekk over 2 timar kvar fjortande dag like etter at dei var ferdige med undervisninga i integreringsprogrammet. Berre ei hadde meldt frå at ho ikkje var interessert i å vere med. I tillegg til at vi fekk låne symaskiner på skulen, kjøpte biblioteket inn to nye maskiner. Det er meininga at desse kan lånast ut etter at kurset er ferdig.

### **Transport**

Det vart søkt om midlar til transport med tanke på å få med også dei som bur på Matre til språkkafé på Sandnes. Det viste seg at desse tykte det vart lang reise og ville ikkje delta.

### **Rekneskap**

Heile tilskotet er ikkje brukt opp. Det er bestilt litt nytt materiell som ikkje er betalt. I tillegg satsar vi på å halde fram med språkkaféane også våren 2019. Det vil då gå med midlar til servering. På dei kaféane vi har hatt på Sandnes filial, har dei norske spandert maten. Det kan vi ikkje forvente lenger.

Hosteland. 05.09.2018

Kjellaug Bolset Strand

---bibl.leiar---